

## Møtereferat etter synfaring for Områdereguleringsplan for Vålebru, 11.10.22

<b>Ny E6 - status</b>	Kommunestyret har gjort vedtak om planprogrammet med tunnel sør for Skjeggestad og et fullt kryss ved Gråvabakken. Uansett løysing vil ny veg bli bygget utanfor sentrum (gjennom tunnel). Nye veier leter etter nye måtar å redusere kostnaden på for å komme vidare i reguleringsarbeidet.
<b>Område som skal detaljregulerast</b>	<p>Val av område som skal detaljregulerast treng ikkje forankring hjå kommunen før det skal leggast ut til 1. gangs behandling. Alt kunnskapsgrunnlaget er behandla undervegs i prosessen.</p> <p>Sjå skisse med forslag til foreløpig fem område som får krav om detaljregulering (markert med blått). Resterande område skal regulerast i den grad at ein kan gå direkte til byggesak. Brugata 16 og Ole Steigs gate 10 er allerede detaljregulert.</p> <p>Hotelltomta i nord er kjøpt opp (Owren). Noko usikkert, men vil vere fornuftig å ta kontakt for mogleg detaljregulering. Her er det viktig med minste BYA for få høg utnytting.</p> <p>Kan òg vere mogleg at deler av området sør for E6 i vest blir detaljregulert i planen.</p>
<b>Kryssing av jernbane</b>	Alternativ 1 med kryssing ved stasjonen er mest ynskjeleg, sjølv om kostanden er noko større. Dette vil gjera stasjonen og område på utsida meir tilgjengeleg for de togreisande.
<b>Offentlege bygg</b>	<p>Brannstasjon</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Utgreiing av brannordninga utførast av Norconsult?</li><li>• Må ha ei tomt dersom brannstasjonen blir lagt til Ringebu</li><li>• Aktuell plassering i kvartalet med Tindebygget, i nær tilknytning veg og ikkje så tett på bustad. Kan også ses i samanheng med nabotomt i sør (Hagen caravan mm)</li><li>• Kor stort areal trengs? Samlokalisering med Sivilforsvaret, ambulanse?</li></ul> <p>Helsestasjon</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Forslag om å legge det i same kvartal som brannstasjon</li></ul>
<b>Trafikkareal</b>	<p>Vålebrua</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ljosregulering er ei utfordring/barriere</li><li>• Dagens konstruksjon kan ikkje utvides til 2 kjørefelt</li><li>• Setje av tilstrekkeleg areal til utviding</li></ul> <p>Tomtegata (som kryssar Jernbanegata)</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan gata stengast i periodar? T.d. helg.</li><li>• Behov for å rydde? Trafikkfarleg.</li><li>• Parkering</li></ul> <p>Ole Steigs gate</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Einveigskøyning som verkemiddel for å fordele trafikken i sentrum, t.d. utkøyning til E6 via Brugata og Kjønnåsvegen?</li></ul> <p>Meir kantparkering?</p>
<b>Eksternt: geoteknikk, flaum, skred, støy</b>	Postene er ikke priset i inngått avtale.

	<p>Bruker Ringebu kommunes rammeavtaler; Sweco (flom, skred og geoteknikk) Rambøll (støy). Nordplan utarbeider kravspesifikasjon og spør om kapasitet og omfang av naudsynt arbeid.</p> <p>Utgreiingane skal dekke hele planområdet, med unntak av geoteknikk, der vurdering av områdestabilitet skyves til detaljreguleringplan.</p>
<b>Kulturminne og -miljø</b>	<p>Viktig å sjå heile bygningsmiljø og ikkje berre enkeltbygg. Kulturminneplanen skal politisk behandlast før jul. Bevaringsverdig bygningsmiljø langs Jernbanegata. Mæhlum. Bastinehuset. Bygningsmiljøet på Vålejordet – har mista mykje verdi etter ulike fasadeendringar, samt falleferdige/slitte hus.</p>
<b>Utviding av leikeplassen ved rådhuset</b>	<p>Er igangsett/ skal ut på anbud før jul. Har fått tilgang på skisserte teikningar («Rådhusparken»).</p>
<b>Innspel frå kommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bastinehuset: tomt som må regulerast til næring/bustad</li> <li>• Tomtegata, Hanstadgata: næring/forretning i 1. etasje</li> <li>• Bak Circle K: kombinert bustad- og næringsføremål i staden for offentlege bygg pga. storleik på areal</li> <li>• Bunnprisbygget – liten verdi i dag</li> <li>• Ungdomshuset skal utvidast med parkområde (er skissert, men ikkje regulert) må innarbeidast i ny reg.plan.</li> <li>• Firkanta hus nedanfor leikeplassen er i dårleg stand, men er teikna av kjend arkitekt. Regulert til offentlig føremål i dag, og brukt til «makers space». Kva gjer vi med bygget?</li> <li>• Det er en skulebruksanalyse under arbeid av WSP som vil vurdere dagens bygningsmasse opp mot dagens krav til universell utforming og bygg som læringsarena.</li> <li>• Ynskje om å etablere sti opp mot Uleberg (eksisterande sti, som m.a. går opp ved pump track, er mykje brukt i dag)</li> </ul>

